

NOTAT BRANN

Prosjekt: Balestrand Rådhus
Oppdragsgjevar: Arkitektkontoret 4B AS v/Christina (christina@arkitektkontoret4b.no).
Dato: 21.04.23, rev. 31.01.24.

Dette notatet vart utarbeida tidleg i planfasen, og er no revidert etter endring av planteikningar.

Etasje	Bruk	Risikoklasse	Brannklasse	Merknad
U	Lager, næring og 2 leilegheiter	2, 4 og 5	2 (3 i rkl. 5)	
1	Næring 3 leilegheiter	2 eller 5 4	2 (3 i rkl. 5) 2	
2	5 leilegheiter	4	2	
3	3 leilegheiter	4	2	

Forhold med betydning i reguleringsplanfasen.

1. Sprinkling

Bygg i risikoklasse 4 (bustad) med 3 etasjer eller meir skal sprinklast. Heile bygget må sprinklast, også areal til anne bruk/føremål. Det må sikrast tilstrekkeleg vassmengde og trykk for sprinkleranlegget. Evt. behov for oppgradering av eksisterande ledningsnett og inntak bør avklarast og innarbeidast i utbyggingsavtale mellom utbygger og kommunen.

2. Rømmingsvegar og angrepsvegar

Brannceller i byggverk i risikoklasse 4 med inntil 8 etasjer kan ha utgang til eitt trapperom utført som rømmingsveg. Forutsetning for dette er at kvar bueining har minst eitt vindu eller balkong som er tilgjengeleg for rednings- og slukkeinnsats, jf. § 11-17.

Frå kvar branncelle vert det tilrettelagt for:

- Utgang nr. 1 er til trapperom Tr1.
- Utgang nr. 2 er til rømmingsvindu/veranda som har underkant til og med 5,0 meter over planert terreng, eller til og med 7,5 meter over planert terreng dersom det er tilgang til fastmontert stige med ryggbøyer. Vi har skissert løysing for rømmingsvegar i bygget, og dette er vist i **utkast** til brannteikningar datert 31.01.24.

3. Tilkomst for brannvesenet og sløkkevatn.

Det må vere tilrettelagt for køyrbar tilkomst heilt fram til bygget sin hovudinngang. Dette vil også vere brannvesenet sin hovudangrepsveg i bygget.


Brannkum eller hydrant må vere plassert 25-50 meter frå inngang til hovudangrepsveg.

Det må vere tilstrekkeleg tal brannkummar eller hydrantar slik at alle delar av bygget er dekkja. Sløkkevasskapasiteten må vere minst 3000 liter pr. minutt (50 l/s) fordelt på minst 2 uttak. Mottatt opplysningar frå Sogndal kommune viser at næraste brannkum ligg ca. 50m frå hovudinngang, og at denne har kapasitet på ca. 32,8 l/s. Det kan vere behov for

etablering av nytt/nye uttak av sløkkevatn i området, og dette bør i tilfelle avklarast og innarbeidast i utbyggingsavtale mellom utbygger og kommunen.

Utarbeiding av endeleg brannkonsept og brannteikningar vert i forkant av søknad om igangsettingsløyve. For dette bygget vil det vere krav om uavhengig kontroll av brannkonseptet.

Mvh


Atle Magne Strandos

Atle Magne Strandos, branning.